



## LINDÅS KOMMUNE

Seim skule

Orden- og åtferdsreglement

**Eg vil vera mot andre slike eg vil at andre skal vera mot meg.**

**På Seim skule skal alle ha det godt og kjenne seg trygge.**

### **Trivselsreglar:**

1. Eg trivest når nokon seier fine ord til meg.
2. Eg trivest når alle ryddar etter seg.
3. Eg trivest når det er ro og orden rundt meg.
4. Eg trivest i friminuttane når alle får vere med.
5. Eg trivest med å vera aktiv i leiken, men passar på å ikkje skada andre.
6. Eg kjenner meg trygg i friminuttet når eg veit at ein vaksen er der.
7. Eg vil ta vare på skulen vår.

### **Ordensreglar – alle har ansvar for**

- å møte førebudd til skuledagen dvs ha bøker, utstyr, klede og lekser i orden.
- å møte presis til timane
- at det er arbeidsro
- å gjere ein god innsats, tileigne deg gode arbeidsvanar, og vere delaktig i undervisninga
- å ta vare på ditt / mitt eige og andre sitt utstyr
- å ta vare på skulebygget, inventar, utstyr og bøker
- å vere med å halde orden ute og inne

### **Åtferdsreglar:**

1. Vis folkeskikk, og opptre med høflegheit og respekt overfor alle andre ved skulen
2. Elevar og tilsette skal helse på kvarandre når første skuletime begynner, og elles når det er naturleg.
3. Hald nødvendig arbeidsro i skuletimane.
4. Bruk av skulen sine datamaskiner og bruk av Internett, skal gå føre seg i samsvar med skulen sine reglar for nettvett.
5. Skulen skal setje grenser for leik som kan medføre fare, eller leik som kan medføre ubehag, t.d. snøballkasting.
6. Utstyr eller gjenstandar som kan forstyrre undervisninga eller vere til skade eller ubehag for andre, skal ikkje takast med på skulen.
7. Hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegn eller handlingar og all form for sjikane, krenking eller trakassering er forbode.
8. Mobiltelefonar skal vera avslått og ikkje takast fram i skuletida

## Når reglane vert brote.....

Ved brot på ordens-, åtferds- og/eller trivselsreglane, vil følgjande skje:

1. Samtale
  - Ved mindre brot på reglane vert det ein samtale mellom eleven og den vaksne som fanga opp hendinga.
  - Om handlinga gjentek seg, skal kontaktlærer samtale med eleven. Kontaktlærer vurderer om rådgjevar eller rektor skal vere med på samtalen.
  - Arbeid som ikkje vert gjort i timen/på skulen, må gjerast på anna tidspunkt.
  - Om negativ åtferd ikkje endrar seg, kan eleven måtte ha undervisning andre stadar enn saman med klassen.
  - Ulovlege, eller farlege gjenstandar, vert dregne inn og berre levert ut att til føresette.
2. Melding heim
  - Ved gjentekne brot, skal kontaktlærer melde frå til heimen, munnleg eller skriftleg.
  - Kontaktlærer og heimen vurderer saman om saka skal følgjast opp med eit møte og kven som skal vere med på møtet.
3. Mobbing
  - Mobbesakar vert handtert etter skulen sin handlingsplan mot mobbing.
4. Mobil og nettvett
  - Brot på reglane om mobilbruk eller anna elektronisk utstyr, medfører at utstyret vert beslaglagt for resten av dagen. Skjer dette igjen, må telefonen hentast av ein føresett.
5. Erstatning
  - Ved øydelegging av materiell eller skade på eigedom som skuldast grov uforsiktighet eller overlegg, vil heimen måtte erstatte det som er gjort skade på, heilt eller delvis inntil 5000 kroner.

---

**Retur til skulen innan:**

**1.september 2017**

**Eg har lest og forstått reglane om trivsel, og kva som gjeld om eg bryt ein eller fleira av dei. Eg har snakka om reglane med mine føresette/foreldre.**

---

Dato

---

underskrift elev

---

underskrift føresette